

Godt språk i nynorske fagtekstar

– Pernille Fiskerstrand

Presentasjon

Namnet mitt er Pernille Fiskerstrand. Eg arbeider som stipendiat på Nynorsksenteret, og eg er inne i innspurten av ei doktorgradsavhandling som handlar om skriveopplæring for elevar på yrkesfag med nynorsk som hovudmål.

Tema for innlegget mitt er nynorskdidaktikk, og eg vil i dag sjå på samanhengen mellom ulike skrivaråd for god nynorsk og teori om grammatikk i fagtekstar. Perspektivet er heile vegen opplæring og ikkje normering. Målet med innlegget er å drøfte fagskrivedidaktikk for elevar med nynorsk som hovudmål.

Det overordna temaet for Festspela er som kjent tillit. Eg skal ikkje gjere noko forsøk på ei søkt kopling, men eg ser likevel parallellar her til det som eg skal snakke om. Nynorskelevane treng ei skriveopplæring som gir dei tillit til at deira språk duger i alle samanhengar – også som avansert fagspråk. Då må vi vise dei det, og det er det som er mitt store poeng i dag.

Det empiriske utgangspunktet for dette innlegget er ein del av doktorgradsarbeidet mitt, og før eg går vidare, vil eg gi eit lite innblikk i datagrunnlaget for avhandlinga mi. Dette gjer eg for å skisse opp nokre rammer slik at konteksten for dagens tema blir lettare å forstå: Datamaterialet er henta frå to klassar på VG2 yrkesfag på ein skule som eg har kalla Asknes. Service og samferdsel i den eine klassen og elektrofag i den andre klassen. Eg spurte norsk- og samfunnsfaglærarane til desse elevane om dei kunne gå saman og utforme eit fagskriveprosjekt.

Lærarane planla, gjennomførte og vurderte skriveprosjektet på eiga hand, men eg var der heile tida og observerte, intervjuar og samla inn tekstar. I utvalet som er med her, er elevsitata henta frå fokusgruppeintervju, og eg har gått i djupna på ein av elevtekstane. Då har de nokre rammer.

| Yrkesfagelevar ved Asknes vidaregåande skule | |
|--|-------------------------|
| VG2 Service og samferdsel (Ask1) | VG2 Elektrofag (Ask2) |
| 18 elevar (10 gutar/8 jenter) | 13 elevar (berre gutar) |
| Lærer: Tone | Lærer: Trine og Trond |

Tabell 1, Oversikt over informantar ved Asknes vgs.

Innleiing

Eg vil gå vidare med å vise eit bilde frå Oslo S. Språkforskaren David Butt samanliknar språket nettopp med ein jarnbanestasjon. Du kan velje akkurat kva for linje, spor og perrong du vil, men kvart av desse vala vil påverke utfallet på reisa di. På same måte er det med språket. Ord og uttrykksmønster ligg der tilgjengeleg, og du har mange ulike



Bilde 1, lasta ned frå Jernbaneverket, 2015

val for å nå dit du vil. Samtidig vil kvart val ha konsekvensar for kvar du endar og korleis du kjem deg dit. Poenget til Butt er at om ein har felles metaspråk om denne togreisa, kan ein reversere reisa og vurdere om ein nådde målet ein hadde. Anten om det var å kome fortast mogleg fram eller om det var på billegast vis, for eksempel. Om eg og du har same forståing for omgrep som billett, pris, stasjon, rutetabell og spor, kan vi lettare diskutere reisa og vurdere om vi valte den mest effektive ruta, alt etter kva som var hovudmålet for turen. Målet til Butt er sjølv sagt å vise korleis felles metaspråk er viktig i skriveopplæringa for å kunne snakke om tekst (Butt m. fl., 2012). Ved at lærar og elev til dømes har den same forståinga av «verbal», «nominalgruppe», «aktiv», «passiv», «leddsetning» og så vidare, kan dei i lag vurdere om tekstane fungerer til det formålet dei var tenkt. Denne samanlikninga skal eg ikkje seie meir om no, men eg vil at det har bildet liggande i bakhovudet når eg no om litt går inn i teorien.

Innleiing hos Beate og Arne Kåre

Eg vil begynne med å presentere to ulike tekstar: Den fyrste er skriven av Beate. Ho var 19 år då ho skreiv denne teksten, og ho gjekk andre året på yrkesfag; service og samferdsel. Den andre teksten er skriven av førsteamanuensis ved høgskulen i Volda, Arne Kåre Toppol. Denne teksten som omhandlar statistikkrekninga til John Hattie, vart nominert til årets tidsskriftartikkel av Norsk Pedagogisk tidsskrift i 2011. Det er altså ikkje heilt rettferdig å stille dei to opp mot kvarandre,

Utfordringar i fleirkulturelle samfunn

Det har mykje med å sei kor fort den personen klarer å tilpasse seg det miljøet dei lever i. Men det har selvfølgelig mykje å sei kor stor plassen er som dei bor på, og kor kjeke og medgjørlege menneska som bur der er.

Beate 17 år, VG2 Service og samferdsel

Kan vi stole på statistikkbruken i utdanningsforskninga?

Kvantitative granskingar, med påfølgjande statistikk tungtunge publikasjonar, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal utdanningsforskning. Tabellar, diagram, faktoranalysar, signifikansnivå og effektstorleikar fyller sidene.

Arne Kåre Toppol, Norsk Pedagogisk Tidsskrift 6:2011

Figur 1, Innleiinga til Beate og Arne Kåre

men målet her er ikkje å henge ut Beate som ein inkompetent skrivar, men å samanlikne grammatikken i dei to fagtekstane.

Før eg kjem meir på desse tekstane, vil eg peike på teori knytt til nynorsk språkføring og grammatikk i fagtekstar.

Teori

Råd for god nynorsk språkføring

Det finst mange ulike kjelder for god nynorsk språkføring. Til dette innlegget har eg konsentrert meg om dei skriveråda som spesielt gjeld nynorsk språkføring og syntaks. Det er altså ikkje nynorsk morfologi eg ser på, men på råda som blir gitt om stil og som uttrykk for «god» nynorsk. Det er såleis innanfor den generelle normeringa, og i eit område meir prega av «synsing». Eg har valt ut fem bøker skrivne av 5 ulike autoriterar innan skriveopplæring på nynorsk (Allmenningen, Brunstad, Fretland, Fridtun og Søyland), og eg har gått igjennom skriveråda som blir gitt i desse bøkene, og så har eg samla dei tematisk. Det er kanskje ikkje så overraskande, men nokre punkt går igjen.

I gjennomgangen av desse bøkene finn eg lite motstridane råd. Ein av grunnane er kanskje at fleire av dei som skriv desse bøkene høyrer til same fagfelt, dei kjenner kvarandre, dei byggjer på kvarandre, fleire jobbar i lag og har samarbeida om bokprosjekt og dei siterer kvarandre. Råda er heller ikkje særleg vitskapeleg fundamentert. Det er sjølvstøtt eit problem, samtidig som det peikar på tendensar til konsensus i feltet om visse stilrekk.

Eg har delt inn desse råda i to hovudkategoriar: *enkelt språk* og *enkel syntaks*. Desse har eg igjen delt inn i kvar sine to underpunkt; - *nominalisering*, + *dialektord* under enkelt språk og - *passiv* og - *utfylling* under enkel syntaks. Dei nynorske tekstideala kan såleis oppsummerast som enkle, aktive setningar med ord og vendingar henta frå daglegtalet.

Enkelt språk

Sidan nynorsk bygger på dialektane, er han talemålsnær og gjerne prega av enkle ord og ordformer. I dei ulike kjeldene eg har nytta, blir dette trekt fram som ein stor fordel med det nynorske. «Kan du seie dette til naboen?» (Fretland, 2006:24), rår Fretland til at tilsette i offentleg forvaltning skal vurdere medan dei skriv. Samtidig peikar han på at omgrepsbruken



Figur 2, Grafisk framstilling over kategoriar for god nynorsk


må vere presis. Altså nynorske fagtekstar er ikkje slang, og du skal ikkje vere morosam eller ironisk. Fretland sitt poeng er at ein gjer lurt i å ha ei innstilling om at språket skal vere så enkelt som mogleg for den som skal lese.

Dei ulike kjeldene er einige om at ein bør redusere bruken av nominaliseringar til eit minimum i nynorsktekstar. Allmenningen framhevar nettopp dette når han hevdar at ein på nynorsk kan kjenne seg usikker på om ein skriv «fagleg» nok og at språket blir for kvardagsleg eller barnsleg. Han skriv då at:

Så for å vere viss på at ein ikkje dummar seg ut eller skriv for munnleg og kvardagsleg, let ein heller skriftmålet få eit stivt, litt høgtidleg og fjernt drag over seg. Då følgjer gjerne *substantivjuken og mange innhaldslause ord og frasar* med på lasset, og skriftspråket vert *keisamt, fjernt og lite personleg* (Almenningen, 2006:40 (mi utheving))

Han er såleis ganske tydeleg i omtalen sin av nominalisering og andre komplekse nominalfrasar, og han legg vekt på at språket blir både fjernare og mindre tilgjengeleg for lesaren, og rådet hans er å heller bruke verb og adjektiv i staden for substantiv (Almenningen, 2006:40).


Nominalisering skjer når ein tar utgangspunkt i eit verb eller eit adjektiv og gjer det om til eit substantiv. Verbet «klippe» går over til å bli substantivet «klipping», og adjektivet «sikker» går over til å bli «sikkerheit». Det gjer vi heile tida på meir eller mindre avanserte måtar, og eg kjem tilbake til om litt kvifor det er viktig i fagtekstar.



Bilde 2, Nominalisering

Enkel syntaks

God nynorsk ser generelt ut til å vere prega av enkle setningar, i følge skribentane i dei bøkene som eg har sett på. For det første blir det hevda at passivkonstruksjonar gjer innhaldet i tekstane mindre tilgjengeleg. «I mange tilfelle blir språket enklare og klårare om du byter ut passiv form med aktiv» (Fretland & Søyland, 2013:114). Det blir såleis ikkje hevda at det er feil, men at det ikkje er god nynorsk med mange passivformer i ein tekst. Omgrepet passiv er kanskje meir kjend enn nominalisering. Det som skjer når ein skriv om til passiv, er at objektet blir flytta fram på



Bilde 3, Passiv

subjektsplassen eller temaplassen i setninga, og at den som utfører handlinga då forsvinn. «Eg klipte plenen» står i aktiv og då er det tydeleg at det er eg som handlar. I «plenen var klipt», er poenget nettopp at plenen har blitt klipt, utan at det er viktig kven som har gjort det. For å vise samanhengen med nominalisering har eg tatt med det også. Då er det fenomenet som er på temaplass og det skjer ingen aktivitet i setninga.

Av dei råda som er har sett på, blir skrivaren tilrådd å bruke mange punktum og få utfyllingar i kvar setning. Det blir hevda at det er best om hovudverbet kjem så langt venstre som råd, med (få) utfyllingar mot høgre. Argumentet som går att, er at talespråket er prega av enkel syntaks, og difor er det god nynorsk og vidareføre dette i skrifa (Almenningen, 2006:39), og han er ganske hard mot venstretunge setningar: «Ei slik framskoten underordning og mange distraherande og avsporande innskot i tekststraumen er eit av kjennemerka på kanselistilen» (Op.Cit.:50). Samtidig minner Allmenningen på at det er skilje mellom tale og skrift, og at «ulike emne krev skiftande stilformer» (Op.Cit.:39).

No har eg vore inne på eit utval råd for «god» nynorsk, og eg vil samanfatta med å bruke eit Fretland-sitat. Han gir dette rådet i artikkelen «Du skriv feil lærar» frå 2007: «Pass deg for *overdriven passiv-bruk*, *s-genitiv* og *sin-genitiv* for preposisjonsuttrykk, enkelt bestemt substantiv, *framflytte tunge ledd* og *substantivsjuke*» (Fretland, 2007:81 (mi utheving)). Argumentet som heile tida ligg under desse råda er at nynorsk byggjer på dei norske dialektane, og at «god» nynorsk er talemålsnær skrift som er enkel å forstå for lesaren.

Grammatikk i fagtekstar

Vi skal gå vidare og sjå på nokre trekk ved grammatikk i fagtekstar. Eg hentar teori om fagspråk frå *systemisk funksjonell lingvistikk*-teori. Dette er ein omfattande grammatikkteori, og eg skal berre trekkje fram to sentrale punkt her. Systemisk funksjonell lingvistikk, eller SFL, er utvikla av språkforskaren Michael Halliday frå 1960-talet og kollegaane hans har utvikla teorien vidare frå hans arbeid. SFL er i utgangspunktet basert på det engelske språket med utgangspunkt i engelsk- og australsk skule, men teorien blir i dag brukt i stadig større omfang og i stadig fleire land. I Noreg er det særleg Kjell-Lars Berge og Eva Maagerø som har forska og publisert innanfor SFL.

Grammatisk kompleksitet (syntaks)


Eg vil først vil eg vise litt om forskjellen på talespråk og skriftspråk, og vidare vil eg gå djupare inn i den skriftelge fagteksten.

Michael Halliday har nok aldri lese eller skrive nynorsk, likevel meiner eg der er grunnlag for å seie at han ganske sikkert ikkje ville vore einig i at talespråket er prega av enkel syntaks med korte setningar. Halliday viser to ulike metodar for å vise forskjellane mellom talespråk og skriftsspråk.

For det første peikar Halliday på *leksikalsk tettleik* som eit konkret mål for å skildre forskjellar på tale og skrift, og han brukar det som eit bevis for at talespråk ikkje er enkelt. Med leksikalsk tettleik meiner han eit prosentvist forholdstal mellom innhaldsord og funksjonsord i teksten.

Innhaldsord er verb, substantiv, adjektiv eller adverb i teksten, og det er såleis ord som viser til idear i verda. Funksjonsorda består av artiklar, talord, pronomen, konjunksjonar og subjunksjonar, og der er dermed ord som har lite sjølvstendig innhald men som er med og skaper orden i teksten.


Utgangspunktet til Halliday er at den leksikalske tettleiken seier noko om kva for domene innhaldet i teksten er henta frå, fordi ein skriftleg tekst med høgt abstraksjonsnivå vil ha mange innhaldsord i forhold



Figur 3, Leksikalsk tettleik

til funksjonsord, medan ein munnleg tekst på den andre sida vil ha forholdsmessig fleire funksjonsord. Grunnen til dette er at munnleg tale ikkje er planlagt på same måten, og den handlar gjerne om forteljingar der funksjonsorda er viktigare for å skape struktur. Dessutan begynner ein ofte på same setninga fleire gongar, ein stoppar, blir avbroten osv., medan ein skriftleg tekst ber preg av ei planlagt oppbygging. (Halliday, 1998:271).

Den andre metoden Halliday framhevar for å påvise forskjell mellom munnleg og skriven tekst er samanvevinga av setningar, eller *teksturen* i teksten. Han hevdar at den munnlege teksten ber preg av å vere hypotaktisk, eller underordna, i langt større grad



Figur 4, Hypotaktisk struktur

enn den skriftlege planlagde teksten. Setningane innanfor ein periode i munnleg tale er bunde saman med kvarandre på ein usystematisk og innvikla måte. Han kallar periodane difor *setningskompleks*. Den munnlege talen er såleis prega av lågare leksikalsk tettleik, men med aukande grad grammatisk kompleksitet, samanlikna med ein skriven tekst.

Jo mer naturlig og ikke-selvstyrt diskursen er, jo mer innviklet kan de grammatiske mønstrene veves. Vanligvis vil denne typen diskurs være muntlig, fordi skriving er en mer bevisst prosess enn det å snakke (Halliday, 1998:277).

Han viser såleis korleis skriftleg kommunikasjon ofte er meir planstyrt enn den munnlege, og at dette gjerne viser seg i ein *enklare* syntaktisk struktur. Kan du prøve å tenkje over korleis du ville fortalt til naboen om eit allergianfall du fekk å klippe plenen? Kanskje kunne det har vore slik?

Å inn i granskauen! Du anar ikkje kva som skjedde med meg i går. Jøje meg. Eg skulle nå få klipt den hersens plenen da. Du veit, vi får nå aldri gjort det. Så tok eg nå da og begynte, men du veit, eg kom ikkje langt før. Herlegheit! Klipte du også plenen? Eg syntest eg høyrde, men nei, det var sikkert berre høgtrykken hans Olsen bort i svingen. Det går nå ikkje ein dag utan at han vaskar bil. Guri, for ei tolmogig kone, men ho kjører nå rein bil da. Ikkje ho som får allergianfall i alle fall. Eg trudde eg skulle daude, altså, som ikkje det er nok som feilar meg liksom. Eg som har verdas beste immunforsvar, berre det at, nei, det skal nå liksom ikkje berre gå heilt greitt her i livet heller da. Nei, kjenner eg ein regndråpe?

Dette er sjølvstagt eit tenkt tilfelle. Argumentet til Halliday er at den munnlege talen ikkje ber preg av å vere planlagt. Du tenkjer mens du snakkar, eller du snakkar før du tenkjer. Poenget er at syntaksen då blir meir kompleks og talet på funksjonsord vil gå opp.

Fagspråk – eit eige språk

No har eg sett på korleis Halliday markerer forskjell på munnleg tale og skriven tekst. No skal eg gå vidare og peike på nokre trekk om kva som kjenneteiknar den skriftlege fagteksten.

Halliday og hans kollega Jim Martin hevdar at fagspråk er noko vesens anna enn daglegtale. Dei løfter særleg fram syntaktiske trekk som nominalisering eller utbygde nominalgrupper, og at setningane er prega av abstrakte, relasjonelle verb. Dei argumenterer for at grammatikken i fagspråket er så annleis enn det elevane er vande med frå heimesfæren, at dei treng systematisk opplæring i fagtekstgrammatikken på same måte som dei får i framandspråksopplæringa. Dei hevdar: «But there is another aspect of scientific language that is just as important as its technical terminology, and that is its technical grammar» (Halliday & Martin, 1993:6). Dei framhevar såleis at det ikkje er nok å kunne feltet, eller omgrepa ein skal skrive om, ein må også forstå korleis fagspråket er bygd opp og knytt saman. Halliday og Martin viser fleire ulike trekk ved fagtekstar der dette kjem fram, men her vil eg berre sjå på verb og substantiv eller nominalgrupper.

Verb

Martin viser til at verba i fagtekstar ofte er korte og innhaldslette. Maagerø poengterer at dette kan vere verb som dannar relasjonar mellom fenomena i teksten og ho nemner mellom anna: «relatere,

resultere, klassifisere, presentere, konkludere» (Maagerø, 2010:192). Desse verba tilfører ikkje så mykje meining i seg sjølv, men dei er med på å rydde og å organisere framstillinga, slik eg tidlegare sa at funksjonsorda gjer i ein munnleg tekst. Ho minner også om at det er typisk for desse verba at dei også kan gjerast om til substantiv (nominaliseringar), og at det skjer ofte i fagtekstar (ibid.). Slik at ein til dømes skriv om «konklusjon» eller «klassifikasjon». Ved at verba dannar koplingar, kan ein i fagtekstar vise årsaksforhold inne i setninga og ikkje mellom setningar med konjunksjonar, slik ein gjerne gjer i munnlege tekstar (Martin, 1998:339).


I fagtekstar, der merksemda er knytt til kva som skjer heller enn kven som gjer det, er passivkonstruksjonar eit nyttig verkty. Ved å utelate kven som handlar, blir fokus i setninga flytta til objektet eller fenomenet. Maagerø understrekar korleis passiv er viktig i fagtekstar fordi ein vil framheve fenomen utan å kommentere kven som har gjort kva fordi det kan implisere verdikonfliktar eller andre skiljelinjer. Ho nemner for eksempel forureining, krig eller brotsverk som ein kan ha behov for å omtale i ein tekst utan å måtte legge skulda for desse fenomena på nokon (Maagerø, 2008).

Nominalgrupper

Ifølgje Martin (1993/1998) er det nominalgruppene som ber det meste av det semantiske innhaldet i fagtekstar. Desse er difor ofte utbygde på begge sider av kjernen for å gi eit så presist uttrykk som råd. På den måten kan ein pakke inn mykje informasjon på liten plass, samtidig som ein får poengtert det som er viktig.

Eit anna viktig verkty er nominaliseringar. Maagerø viser korleis nominaliserte uttrykk gjer at prosessen vert innforstått og at den som handlar forsvinn frå setninga. Dette er vanleg i fagtekstar fordi ein: «i mindre grad framstiller konkrete personer og deres handlinger og egenskaper, men oftere fenomenar i naturen og samfunnet» (Maagerø, 2010:193).

Eg vil vise eit eksempel på dette som eg no har vore inne på. Denne setninga handlar om at nokon kan få



Figur 5, Eksempel på kompleks nominalgruppe med relasjonelt verb

allergireaksjonar når dei klipper

plenen, men det er ikkje viktig kven det er som klipper plenen eller om plenen vart klipt i det heile.

Poenget er fenomenet plenklipping. Kjernen i nominalgruppa er nominaliseringa «plenklipping», og denne er utbygd på begge sider med eit adjektiv på venstresida og ei relativsetning på høgresida. Det relasjonelle verbet viser sambandet mellom den komplekse nominalgruppa, og det som skjer med

graset som igjen kan skape allergirekasjonar hos nokre menneske. Altså er det ikkje ei aktiv handling som skjer i setninga, men verbet fungerer som ei abstrakt kopling mellom to fenomen.

No har eg peika på råd for god nynorsk, vist korleis Halliday skil munnleg og skriftleg tekst og framheva rollene til verb og substantiv i fagtekstar. Før eg kjem tilbake til innleiingane til Beate og Arne-Kåre vil eg vise nokre små glimt frå intervjuet med elevane.

Empiri

Barnsleg nynorsk med vanskelege ord?

I intervjuet med elevane på Asknes viste gutane på elektrofag og jentene på service og samferdsel eit noko ulikt syn på sambandet mellom nynorsk og bokmål. Særleg jentene såg ut til å sjå ein skilnad mellom dei to, der nynorsk ligg nærare talemålet.

- I: De sa begge to at de likte best bokmål. Korleis opplever de forskjellane på bokmål og nynorsk?
BEATE: Eg synes at nynorsk er meir sånn..., det er finare på ein måte. Bokmål blir på ein måte litt enklare. Og sidan, om du ser på ulike bloggar for eksempel så ser du at det er bokmål som er enklare da.
BIRTE: Eg føler at bokmål er som ein nasjonal måte å uttrykke seg på. Same som engelsk no har blitt. Liksom Internasjonal
BEATE: Internasjonal
BIRTE: Ja, internasjonal. Alle pratar det, og det er det nesten alle i heile verda forstår. Så eg føler for eksempel når eg skal henvende meg. No held vi på med elevbedrift, og då er vi mykje i kontakt med næringslivet både her i området og i heile Noreg, og då føler eg det klart betre å vere meir profesjonell på bokmål enn på nynorsk. På nynorsk då føler eg at det er litt sånn, ja, eg veit ikkje korleis eg skal forklare det. Men eg føler iallfall at bokmål er litt meir sånn formelt skrivespråk da.
BEATE: Nynorsk blir litt barnsleg
BIRTE: Ja, ja. Barnsleg eigentleg.

Gutane også har merka seg eit skilje mellom nynorsk og bokmål, men dei er mest orienterte rundt ordtilfanget. Det høyrer med til konteksten at jentene generelt uttrykkjer seg mindre positivt til nynorsk enn gutane.

- I: Så då meiner de også at det er nynorsk som er lettast å skrive?
ANDREAS: Ja
ARNFINN: Nja
I: Du er ikkje sikker?
ARNFINN: Det er kanskje ikkje lettast, der er mange vanskelege ord da
ANDREAS: ja
ARNFINN: Det kjem litt an på kor nynorsk du skal.. Altså gamalnynorsk eller litt meir moderne nynorsk. Dei fleste ord på bokmål er jo lov å skrive på nynorsk også, eller så var det omvendt. Eg er ikkje sikker.
ANDREAS: Ja, før i tida var jo nynorsk veldig spesielt, då var det sånn. Det var umogleg. Eller veldig vanskelege ord. Slike som er spesielt nynorske. Dei bruker nå ikkje vi.

Jentene er altså til ei viss grad mottakarorienterte, og dei tenkjer på korleis dei vil stå fram for ein lesar. Gutane derimot, er mest opptekne av ordtilfanget. Dei veit at der er nokre skilnadar mellom bokmål og nynorsk, der var nokre reglar om eitt eller anna, men dei er ikkje heilt sikre på kva.

Samtidig gir dei eit inntrykk av at dei opplever at nynorsk no stettar dei behova dei har for å uttrykkje seg, medan at det har hatt eit meir gamalmodig preg tidlegare.

Innleiinga til Beate

Eg vil her kome tilbake til innleiinga til Beate og samanlikne den med Arne-Kåre si. Viss de skreiv ned nokre stikkord i sta kan de sjå litt på dei att, eller

kanskje de berre hugsar kva de tenkte.

Innleiinga til Beate består av to periodar, og den utgjør første avsnitt i teksten hennar.

Det har mykje med å sei [kor fort den personen klarer å tilpasse seg [det miljøet dei lever i]]. Men det har selvfølgelig mykje å sei [kor stor plassen er [som dei bor på]], og [kor kjekke og medgjørlige menneska [som bur der] er]

Figur 6, Innleiinga til Beate med analysekodar

Det har mykje med å sei kor fort den personen klarer å tilpasse seg det miljøet dei lever i. Men det har selvfølgelig mykje å sei kor stor plassen er som dei bor på, og kor kjekke og medgjørlige menneska som bur der er (Beate, Ask1:1).

I den første perioden er det berre ei heilsetning, og hovud verbet i denne er «har». Det er såleis ei relasjonell kopling mellom noko som har mykje å seie, og kva dette er. I dei to leddsetningane er det verba «klarar» og «lever» som er brukte. Ingen av verbformene står i passiv.

Nominalgruppene i desse setningane i den første perioden ber preg av å vere enkle på venstresida, medan den eine har utfylling med relativsetning mot høgre (den personen, det miljøet som dei lever i). Begge må kunne seiast å høyre til i det daglegdagse domene. Predikatet i setninga består av to leddsetningar. Den eine er innskoten i den andre. Syntaksen er såleis noko innfløkt, men hovud verbet kjem langt til venstre, og utfyllingane er gjort mot høgre.

Periode nummer to i Beate si innleiing er noko meir kompleks. Ho innleier med konjunksjonen «men, og ho førebur på den måten lesaren til ein motsetnad eller ei modifisering av det ho introduserte i føre periode.

Verbet i heilsetninga i denne perioden er «har». Den dannar såleis ei relasjonell kopling mellom noko som har noko å seie for nokon. I tillegg har ho lagt inn forsterkaren «selvfølgelig» for å legge meir trykk på det ho her løftar fram. Dei fire leddsetningane som predikatet består av, kan delast i to grupper. Dei to verba i setningane på nivå 2 er også relasjonelle og dei viser til eit samband mellom noko som er, menneska og staden dei bur på. Verbet (bo/bu) i dei to setningane på nivå 3 er materielle. Det er heller ingen passivformer i desse setningane. Nominalgruppene er noko meir utbygde på venstresida enn i perioden over (kor stor plassen, kor kjekke og medgjørlige menneska som bur der er), samtidig som alle framleis kan knyast til tema henta frå daglegtalet.

Det mest påfallande med Beate si innleiing er likevel kanskje mangelen på ei tydeleg melding til lesaren om kva som kjem. Ho begynner rett på, slik ho kunne ha gjort det i ein munnleg samtale,

der ho var sikker på at tilhøyraren forstod konteksten. Dette gjer at teksten hennar blir svært kontekstavhengig, noko som er eit vanleg kjenneteikn på ein umoden skrivar. Samtidig er det ikkje dumt det Beate skriv, og det er heller ikkje slang eller ironi. Men der er altså noko med innpakkinga som ikkje heilt fungerer.

Innleiinga til Arne Kåre

Innleiinga i teksten til Arne Kåre er noko annleis oppbygd enn Beate si. Artikkelen er publisert i Norsk Pedagogisk Tidsskrift, og han har difor ein ingress først i teksten, før innleiinga som eg har sett på. Sjølve innleiinga består av 23 periodar, og her har eg berre konsentrert meg om dei to første.

Kvantitative granskingar, med påfølgjande statistikkunge publikasjonar, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal utdanningsforskning. Tabellar, diagram, faktoranalysar, signifikansnivå og effektstorleikar fyller sidene (Toppol, 2011:52)

Hovud verbet i heilsetninga i den første perioden er «har vorte». Det er såleis ei relasjonell kopling i passiv. Han set på den måten opp eit forhold mellom noko som har blitt noko, og kva det har blitt. Kven som har gjort det er såleis utelate frå teksten.

Nominalgruppene er utbygde. I den første perioden er det realisert tre ulike nominaliseringar (granskingar, publikasjonar og utdanningsforskning). I tillegg er dei to første spesifiserte med utbyggingar til venstre for kjernen. Det grammatiske subjektet inneheld også ein kompleks preposisjonsfrase som fyller ut med meir informasjon om kjernen.

Kvantitative granskingar, med påfølgjande statistikkunge publikasjonar, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal utdanningsforskning. Tabellar, diagram, faktoranalysar, signifikansnivå og effektstorleikar fyller sidene.

Figur 7, Innleiinga til Arne Kåre med analysekodar

Hovud verbet i den siste perioden er også eit relasjonelt verb, men her står det i aktiv. Nominalgruppene i denne andre perioden er ikkje komplekse, men dei er derimot svært spesialiserte. Det er såleis tydeleg at det er nominalgruppene i denne teksten som ber det semantiske innhaldet, og ikkje verbalet.

Beate og Arne Kåre som fagskrivarar på nynorsk

Eg vil vise fire ulike bilde, der eg samanliknar dei to tekstane, og i same rekkjefølgje som eg gjekk gjennom råda om «god» nynorsk.

Nominalgrupper og dialektord

Dei fire kjernane i nominalgruppene i innleiinga til Beate kan alle karakteriserast som daglegdags.

Arne-Kåre si innleiing står i klar kontrast, der ingen av kjernane kan kallast daglegdagse, i tillegg til at tre av dei er nominaliseringar.

Beate har tydeleg dialektinterferens i teksten sin som «selvfølgelig», «å sei» og «medgjørlig», medan det ikkje finst spor av hariedsdøil hos Arne-Kåre.

«Enkel» syntaks og passiv

Teksten til Beate har mange trekk som viser slektskap med daglegdags. Syntaksen i teksten hennar er tydeleg hypotaktisk, og han liknar såleis det som Halliday kalla «setningskompleks». Teksten til Arne Kåre har ei langt strammare oppbygging, utan leddsetningar i det heile.

I løpet av dei to periodane bruker Beate sju verb. Arne Kåre bruker to. Dei to verbalgruppene hos Arne-Kåre er begge relasjonelle, og den eine står i passiv. I teksten til Beate er det ulike former for verb, men alle står i aktiv form.

Utfylling

Beate har inga utfylling på temaplass i sin tekst. Arne-Kåre derimot har tunge framflytte ledd i begge periodane. Han har ein kompleks preposisjonsfrase på temaplass i den første perioden for å spesifisere kjernen i nominalgruppa, og nominalgruppene generelt høyrer til eit spesialisert fagspråk.

Konklusjonen er at Beate «snakkar med

Utfordringar i fleirkulturelle samfunn

Det har mykje med å sei kor fort den **personen** klarer å tilpasse seg det **miljøet** dei lever i. Men det har selvfølgelig mykje å sei kor stor **plassen** er som dei bor på, og kor **kjekke** og medgjørlige **menneska** som bur der er.

Substantiv frå heimedomenet

Kan vi stole på statistikkbruken i utdanningsforskninga?

Kvantitative **granskningar**, med påfølgjande statistikkunge **publikasjonar**, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal **utdanningsforskning**. **Tabellar**, **diagram**, **faktoranalyser**, **signifikansnivå** og **effektstorleikar** fyller **sidene**.

Spesialiserte substantiv

Utfordringar i fleirkulturelle samfunn

Det har mykje med å sei [**kor fort den personen klarer å tilpasse seg [det miljøet dei lever i]**]. Men det har selvfølgelig mykje å sei [**kor stor plassen er [som dei bor på]**], og [**kor kjekke og medgjørlige menneska [som bur der]** er]

Hypotaktisk struktur

Kan vi stole på statistikkbruken i utdanningsforskninga?

Kvantitative granskningar, med påfølgjande statistikkunge publikasjonar, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal utdanningsforskning. **Tabellar**, **diagram**, **faktoranalyser**, **signifikansnivå** og **effektstorleikar** fyller **sidene**.

Parataktisk struktur

Utfordringar i fleirkulturelle samfunn

Det har mykje med å sei kor fort den **personen** klarer å tilpasse seg det **miljøet** dei lever i. Men det har selvfølgelig mykje å sei kor stor **plassen** er som dei **bor** på, og kor **kjekke** og medgjørlige **menneska** som bur der er.

Ulike verb

Kan vi stole på statistikkbruken i utdanningsforskninga?

Kvantitative granskningar, med påfølgjande statistikkunge **publikasjonar**, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal utdanningsforskning. **Tabellar**, **diagram**, **faktoranalyser**, **signifikansnivå** og **effektstorleikar** fyller **sidene**.

Relasjonelle verb

Utfordringar i fleirkulturelle samfunn

Det har mykje med å sei kor fort den **personen** klarer å tilpasse seg det **miljøet** dei lever i. **Men det** har selvfølgelig mykje å sei kor stor **plassen** er som dei **bor** på, og kor **kjekke** og medgjørlige **menneska** som bur der er.

Ingen utfylling til venstre

Kan vi stole på statistikkbruken i utdanningsforskninga?

Kvantitative granskningar, med påfølgjande statistikkunge **publikasjonar**, har vorte vanlege i både norsk og internasjonal utdanningsforskning. **Tabellar**, **diagram**, **faktoranalyser**, **signifikansnivå** og **effektstorleikar** fyller **sidene**.

Tung utfylling til venstre

Figur 8, Fire samanlikningar av innleiingane til Beate og Arne Kåre

naboen», medan Arne Kåre gjer ikkje det. På den andre sida har teksten til Arne Kåre klåre fagteksttrekk, medan teksten til Beate ikkje har dei same trekka. Samtidig vil det vere merkeleg å påstå at Arne Kåre sin tekst ikkje er «god» nynorsk, medan Beate sin er det sidan ho skriv munnleg og dialektnært.

Godt språk i nynorske fagtekstar

Råda frå dei fem nynorskjennarane var å skrive minst mogleg passiv og nominaliseringar med enkel tekstbinding og med innslag av dialektord. Eg finn det særleg interessant når Almenningen hevdar at språket blir «fjernare» og «mindre personleg» om ein brukar nominaliseringar (substantivsjuke) i teksten. Det er akkurat det Martin argumenterte for at ein treng som verktøy for å drøfte fenomen i staden for aktivitetar. -Sjølvsagt skal ikkje teksten vere personleg, ville kanskje Martin ha argumentert i mot. -Teksten skal jo handle om fenomen og ikkje personar. Fretland rår skrivaren til å passe seg for «framflytte tunge ledd», samtidig viser Maagerø korleis komplekse nominalgrupper er nødvendige for å pakke mykje informasjon på liten plass.

Teksten til Arne-Kåre har ein kompleks syntaks med utbygde temafelt, passiv, mange nominaliseringar og berre spesialiserte substantiv. Der må altså vere noko med det nynorske fagspråket som fungerer på tvers eller i tillegg til dei andre uformelle normene på god nynorsk, sidan denne teksten er rekna som ein svært god fagteks. Det trur eg også Almenningen og Fretland vil vere med på, då dei begge peikar på at nynorsk fagspråk må vere presist og at stilnivået kan endrast etter formålet med teksten. Poenget her er at vi bruker ein type grammatikk når vi skildrar og fortel historier om konkrete kvardagshendingar, og ein heil annan grammatikk når vi skal drøfte, diskutere og argumentere. Dette meiner eg at elevane må få sjå og erfare.

I intervju med elevane var det særleg jentene i service og samferdsel-klassen som gav uttrykk for at dei ikkje oppfatta nynorsk som like tenleg i alle samanhengar. Det kan vere eit uttrykk for det Almenningen hevda om at nynorskskrivaren kan føle at han ikkje skriv «fagleg» nok og at teksten kjennest barnsleg. Gutane i intervju var mest opptekne av rett/feil, og dette tolkar eg som eit signal om at det er der mykje av merksemda i nynorskopplæringa blir lagt. Ikkje korleis gjere teksten best mogleg, men kva som ikkje er lov og ikkje i forhold til bokmål.

Avslutning

Mitt poeng her er å framheve viktige trekk i fagskrivedidaktikken for elevar med nynorsk som hovudmål. Eg har vist korleis to fagtekstar kan sjå svært ulike ut, og at der er visse trekk som gjer at den eine blir oppfatta som langt meir fagleg enn den andre. Eit enkelt, klart og lesarvennleg nynorsk

er sjølvsagt viktig å lære vidare til nye nynorskbrukarar. Likevel vil eg løfte fram at om vi skal hjelpe Beate og andre i hennar situasjon vidare til å bli kompetente fagskrivarar, trur eg ikkje at det er nok å seie «skriv det du ville sagt til naboen din». Utfordringa med det rådet er at ein gjerne ikkje drøftar abstrakte fenomen over hekken. Då er faren at elevane ikkje ser at ein fagtekst krev abstrakt fagspråk. Eg er redd at vegen då blir kort til at elevane ikkje ser at nynorsk kan brukast som fagspråk og at nynorsk blir oppfatta som «barnsleg», slik Beate og Birte peika på.

I tillegg meiner eg at det er eit viktig *demokratisk* poeng at nynorskelevane må møte både relasjonelle verb, nominaliseringar og passivkonstruksjonar i gode fagtekstar. Dette gjeld kanskje særleg elevar på yrkesfag eller andre med lågare tekstkompetanse. Ikkje fordi dei skal lære tungt språk, men fordi dei skal ha same tilgang på fagstoff, både som lesarar og skrivarar, som elevar med bokmål som hovudmål har.

Vi som driv med skriveopplæring for elevar med nynorsk som hovudmål må skape ein tillit hos dei til at nynorsk fungerer som fagspråk. Det trur eg vi gjer gjennom å analysere tekstar i lag, gjennom å skrive tekstar i lag og gjennom å vurdere tekstar i lag. Då kan vi i lag sjå på språktrekka, diskutere dei og prøve ut ulike variantar. På den måten kan «togturen» både planleggast, og han kan vurderast i etterkant alt etter kva formålet med turen – eller teksten var.

Litteratur

- Almenningen, O. (2006). *Innføring i nynorsk for høgare utdanning*. Oslo: Samlaget.
- Butt, D., m.fl. (2012). *Using functional grammar : an explorer's guide* 3rd. South Yarra: Palgrave Macmillan.
- Fretland, J. O. (2006). *På saklista: nynorsk språkbruk i statsforvaltninga 2* Oslo: Det norske samlaget.
- Fretland, J. O. (2007). Du skriv feil, lærar. I: A. S. Nordal (red.), *Betre nynorskundervisning. Skrifter frå Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa* (s. 71-82). Volda: Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa : Høgskulen i Volda.
- Fretland, J. O., & Søyland, A. (2013). *Rett og godt: handbok i nynorskundervisning*. Oslo: Samlaget.
- Halliday, M. A. K. (1998). Muntlige og skriftlige måter å mene på. I: E. Maagerø, P. J. Coppock & K. L. Berge (red.), *Å skape mening med språk : en samling artikler* (Vol. LNU's skriftserie, s. 266-291). Oslo: Landslaget for norskundervisning : Cappelen akademisk forlag.
- Halliday, M. A. K., & Martin, J. R. (1993). *Writing science : literacy and discursive power*. London: Falmer Press.
- Jernbaneverket. (2015). Oslo S. Lasta ned 28.05 2015, frå <http://www.jernbaneverket.no/no/Jernbanen/Stasjonssok/-O-/Oslo-S/>
- Maagerø, E. (2008). Om grammatikk og fagspråk. I: I. Tonne & M. E. Nergård (red.), *Språkdidaktikk for norsklærere : mangfold av språk og tekster i undervisningen* (s. 83-94). Oslo: Universitetsforlaget.
- Maagerø, E. (2010). Tekstens tilgjengelighet. Fagspråk. I: D. Skjelbred & B. Aamotsbakken (red.), *Lesing av fagtekster som grunnleggende ferdighet* (s. 185-200). Oslo: Novus.
- Martin, J. R. (1998). Livet som substantiv: en undersøkelse av naturvitenskapens og humanioras univers I: E. Maagerø, P. J. Coppock & K. L. Berge (red.), *LNU's skriftserie* (s. 333-386). Oslo: Landslaget for norskundervisning : Cappelen akademisk forlag.

Toppol, A. K. (2011). Kan vi stole på statistikkbruken i utdanningsforskninga? *Norsk Pedagogisk Tidsskrift*, 95(6), 52-63.